



Varhaug Misjonshus



Varhaug Misjonshus 2009

Innhald:	Andakt	Side
	Varhaug KFUK	Side
	Fellesmote i Varhaug kyrkje	Side 1
	Misjonshusbryllaup	Side 1
	Overrøst arrangement	Side



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND





BØEN STORKIOSK

SPILL OG KIOSKVARER

Ta en pause og nyt av vårt
rikholdige tilbud
på små-retter som
Pizza • Biff-snadder
Løvstektallerken

TIPPING



Chicken Nuggets
Kylling m/ tilbehør
Hamburger • Pita • Bakervarer

*Større bestillinger kan også
leveres etter avtale
Henvendelse til Kine i butikken,
51430099*

Bohus[®]

Velkommen til vår nye butikk på Håland, Bryne

SpareBank

SR-BANK



HRD

HÅ REGNSKAP OG DATA A/S

HÅ REGNSKAP OG DATA
Daglig leder Rune Odland
Autorisert regnskapsfører
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug
Tlf. 91511088 • E- mail: runeo@hrd.no

Murmester

Waldeland & Dubland

Djuphold 3, 4360 Varhaug - Fax. 51 43 12 22
e-mail: waldedub@online.no

Sverre Waldeland - leder Tlf. 992 50 989
Pål Dubland - HMS-leder Tlf. 909 70 269
Oddbjørg Waldeland - kontor Tlf. 980 77 662



- fagkunnskap gir trygghet.



FØREMÅL MED HUSET ER:

ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen. Den Norske Kyrkja si vedkjenning og dei retningslinjer som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. (§2 i lovene for Varhaug Misjonshus)

Meldingsblad for Varhaug Misjonshus

2 - 2009

21. ÅRGANG

Eigarar

Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovudorganisasjon:

Norsk Luthersk Misjonssamband

Formann:

Torbjørn Honnemyr

Mob: 414 94 987

Det Norske Misjonsselskap

Formann:

Njål Omland

Tlf: 51431057

Mob: 916 89 177

Normisjon

Formann:

Lars Erling Friestad

Tlf: 51436761

Indremisjonsforbundet

Formann:

Tor Selmer Olsen

Tlf: 51430789

Mob: 470 31 136

<http://www.varhaug-misjonshus.no>

Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.

Tlf: 51 43 08 08

E-mail adresse:

post@varhaug-misjonshus.no

Kontortid: måndag og torsdag kl
1900-2100 (Om sommaren 15/5-15/8
er opningstid 2000-2100)

Frå redaksjonen

Vel overstått sommer, og velkommen til oppstart av nytt semester! Når dere lesar dette bladet er skolene allerede godt i gang, og det faste arbeidet på misjonshuset begynner å ta seg opp igjen.

Det første store som skjer er fellesmøtene som skal arrangeres i "Kjorkjå" 16. – 27. september; Her er det bare å møte opp, ung og gammel! Er du i tvil på hva denne Jesus vi snakker om har gjort for deg, og hvorfor vi snakker ustanselig om Bibelen og Guds ord? Les andakten i denne utgaven av misjonshusbladet, og ta deg en tur innom på Odland under fellesmøtene.

Ellers er det verd å nevne den årlige misjonshusbasaren

– Den går i år av stabelen 9. oktober. Her er det bare å møte opp.

Vil også nevne innblikket vi får av arbeidet bak en del av arrangementene som mange er innom på misjonshuset. Vi snakker om dugnadsgjengen som disker opp ved bryllup. Les mer i midtsidene.

Så er det også på sin plass å behøvelig takke av Tom Magne for glitrende innsats for misjonshusbladet, og lykke til med videre utfordringer. Vi håper at vi kan holde oppe nivået etter endringer i redaksjonen. Det er som kjent ikke bare, bare å hoppe etter Wirkola. La oss håpe at vi kommer over kulen i alle fall.

God lesning, så snakkes vi under fellesmøtene!

For redaksjonen, Kenneth Ueland

Redaksjonen: Sjur Håland, Harald Odland, Einar Mattingsdal og Kenneth Ueland.



Redaktørbytte i misjons- husbladet

Du har gjerne lagt merke til at det er kommet en ny redaktør i misjonshusbladet fra og med dette nummeret.

Tom Magne Ueland har lagt ned en god innsats for å fornye og videreføre bladet. Han var blant annet med og fikk til en ny layout. Takk for innsatsen og de mange timene du har lagt ned.

Vi er også glade for at Kenneth Ueland har tatt over stafettpinnen som redaktør. Lykke til i oppgaven.



butikken

- mer enn du tror!

Felleskjøpet Varhaug AS, Molleveien 4, 4360 Varhaug
Tlf. 51 77 14 70
Åpningstid: Man. - fre. 8-17, lør. 9-14

MÆLAND RØR AS



Tlf.: 51 43 73 01, 4362 Vigrestad

Comfort

BAD - VANN - VARME

coop

Varhaug ba

Tlf. 51 79 94 40




KJÆRNEBORING



BETONGSAGING



EGIL HÅLAND 4360 VARHAUG • Tlf. 51 43 04 94 •
Mobil 416 99 617 / 944 07 800 • www.Toppaland.com

Me treng TOMTER

Ta kontakt for en uforpliktende vurdering
av muligheter og pris

NORGESHUS

Varhaug

BYGGMESTER
Jon Harald Håland as





Varhaug, tlf. 51 43 07 70 • jonharald@norgeshus.no
- fagkunnskap gir trygghet

EL-TEAM

Elektroentreprenør

Tlf. 51 48 67 40 - Fax. 51 48 67 41
Mobil: 98298488

HAUCK

PORTSERVICE AS

A: Varhaug - Opstavn. 623 - N: www.hauck.no
T: +47 51 43 05 66 - F: +47 51 43 13 55

SKAL DU GRAVE?

KONTAKT
ERLING AUESTAD
MASKINENTREPENØR
VARHAUG
Alt innen graving
Tlf. 51430878
Mobil. 97197815



Andakt

“Kæ æ vitsen med Jesus”



I vår, før foreininga eg går i tok sommarferie, starta me med ei ny samtalebok som heiter "I møte med Jesus." Eit av samtaleemna me skulle drøfta var slik: Du sit ilag med ein venn og snakkar om kristendom, vennen seier: "...de kristne snakkar alltid om Jesus. Kvifor er det så viktig, dette med Jesus?..."

Etterpå har dette spørsmålet surra i hovudet mitt; kvifor er Jesus så viktig for meg?

Her er det eg har kome fram til gjennom ein lang sommarferie (eg er lærar)

1. **Jesus kjenner meg, bryr seg om meg, og elsker meg slik eg er.**

Då Jesus kom til jorda var det ikkje for å dømme oss, men å frelsa oss. Mange ser for seg Gud som sit oppi himmelen med peikefingeren og seier " fy, fy ". Nei-langt ifrå! Gud har skapt deg og meg han elsker oss.

Då Adam og Eva åt av frukta på treet som Gud hadde sagt dei ikkje måtte røra, kom synda inn i verda. Difor sende han Jesus til verda. Jesus helbreda dei sjuke og var saman med dei som ingen lika. Han vart dømt til døden, stod opp frå dei døde fordi han hadde levd eit liv utan synd. Dermed opna han vegen til Himmelen for oss.



Jesus seier "eg er vegen, sanninga og livet" (Joh 14.6) , difor vil eg fylgja Han!

Kvardagane er fulle av ulike utfordringar, det er fantastisk å kunna be til Jesus og veta at han høyrer og hjelper meg.

2. **Jesus gjer evig liv (joh 3.16)**

Bibelen seier at det er eit liv etter døden. Du kan velja kor du vil vera: i Himmelen saman med Jesus, eller den andre staden der Gud ikkje er. Gud ynskjer at alle skal koma til Himmelen, men han tvinger ingen. Alle som seier ja til Jesus, får vera med til Himmelen. Det er trygt å veta at den dagen eg døyr så kjem eg heim til Jesus. Der skal eg leva saman med han alltid!

Til slutt, dersom du lurar på korleis du kan ta imot Jesus som din frelser, så er det utruleg enkelt, Bibelen seier:

Dersom du med din munn bekjener at Jesus er Herre, og i ditt hjartatrur at Gud oppreiste han frå dei døde, då skal du bli frelst (Rom 10.9)

Gud har fredstankar for deg, han vil bæra bekymringane dine, han vil sørga for deg, han tar imot deg uansett kva du har gjort. Ingenting kan skilja deg frå Guds kjærleik.

Guri Sollesnes

TIME  **SPAREBANK**
- for Jæren

Tlf: 51 77 91 00

www.time-sparebank.no

Varhaug



*Varhaug
KFUK er ei gruppe
speiderjenter i alderen
11 - 15 år.*

KFUK som er for jenter og KFUM som er for guttar har gått saman i ein organisasjon. Nokre stader har ein vald å driva desse saman, medan ein andre stader har vald å fortsetja som før med to grupper, ei for jenter og ei for guttar. På Varhaug har ein vald å fortsetja som før med ei gruppe for guttar som held til på Misjonshuset, og ei gruppe for jenter som held til hjå Dagfrid Bekkeheien Skrettingland på Odland.

vaksne medlemmar. Vår visjon er å vera ein open kristen organisasjon som jobbar for å utvikla kristne, modige og kreative menneske.

KFUK står for Kristelig Foreining for Unge Kvinner og KFUM står for Kristelig Foreining for Unge Menn. Den likesida trekanten i logoen vår symboliserer ånd, sjel og kropp, og betyr at vi ønskjer å utvikla heile mennesket og ta dette på alvor.



Varhaug KFUK og KFUM er tilslutta Noregs KFUK-KFUM som er ein kristen barne- og ungdomsorganisasjon med 16.000 medlemmar fordelt på over 500 ulike

Sidan 1987 har speiderjenter frå Varhaug samla seg annankvar onsdag-kveld hjå Dagfrid for å læra både i teori og praksis om korleis ein kan verta ein god speidar.

Dagfrid er troppsleiar og har vore det frå speidaren begynte på Odland, og me får håpa i mange, mange år til. I dei siste åra har og Kristin Skrettingland vore med som leiar.

Tema som ein gjennomgår er :

*Nevenyttighet
Natur og miljø*



grupper over heile landet. Den har flest barne- og ungdoms-medlemmar, men og unge vaksne og

og KFUK



Friluftsliv

Orientering

Fellesskap

Tjeneste

Kristendom

Innan kvart av temaene er det utviklingsgrader, og ein avanserer i desse etter kor mykje ein har lært.

Uteaktivitet er viktig og Dagfrid nyttar denne læremåten mykje, og det ikkje berre når veret er fint. Det kan alle som kjører forbi Odland den onsdagskvelden speidarane har fellessamling sjå med eigne augo.

Speidarane har møte kvar onsdagskveld, og den onsdagen dei ikkje er på Odland har dei patruljemøte rundt om i heimane. Desse møte er i stor grad innøving av ulike arbeidsoperasjonar eller aktivitetar som dei har lært på fellesmøta. Heile Varhaug KFUK troppen er på mellom 25 og 30 jenter, litt varierende frå år til år. Troppen er delt opp i patruljer på mellom 6 og 7 jenter. I kvar av patruljane er det ein patruljeleiar som gjerne er ei erfaren speidarjente som går på eit av ungdomskuletrinna.

Utanom onsdagsmøtene vert det lagt opp til turar med overnatting både vår og haust og vintar. Høgdepunktet er som oftast snøholeturen om vinteren.

Speidarane har vore og er aktivt med i feiringa av Nasjonaldagen vår med heising av flagg og fortropp i 17. mai toget.

Sjølv om det ikkje er vanlege samlingar om sommaren betyr ikkje det at speidaren har teke heilt sommarferie, i alle fall ikkje kvart



år. Annankvart år er det landsleir eller kretsleir om sommaren. Kretsleiren er ein eller annan stad i fylket, medan landsleiren kan vera ein eller annan stad i heile Noreg. På denne leiren brukar ein og å få besøk av speidarar frå andre land.





AH Bygg Auestad & Håland AS
Møllev. 12, 4360 Varhaug
Tlf.: 51798579

Elektrofag Jæren

Autorisert elektroentreprenør

Industrigt. 2 - 4362 Vigrestad
Vakttelefon 932 05 614

FARGERIKE®

Norges ledende farge- og interiørkjede

Fargerike Halvorsen
Varhaug - tlf. 51 43 61 00



Dublandveien 35A
4360 VARHAUG

Tlf.: 51435900
Fax.: 51434369

Epost: post@vph.no
www.vph.no

JÆRBU

GJØDSELPUMPE

Ole G

Nord-Varhaug & Co a-s

Hatleveien 4, 4360 Varhaug
Telefon 51 79 35 50 www.jaerbu.no



Alt i oppmerking av parkeringsplasser

Toppaveien 7
4360 Varhaug
Telefon: 51430937
Fax: 51433364
Mobil: 90889556

Tid for rehabilitering?

I 15 år har vi drevet med rehabilitering og nybygg.
Ta kontakt og be om pristilbud.

Tlf. 51438006
E-post. post@bm-sl.no

NORGESHUS

Skrettingland
& Lobekk as

Fra styret

Sommeren er over og de fleste vanlige aktivitetene på misjonshuset har kommet i gang. Det er et bredt spekter, spesielt innenfor barne- og ungdomsarbeid. Vi ønsker gjerne at flere er med og deltar på disse aktivitetene og det er ikke for sent å begynne. Se i oversikten over faste arrangementer for å finne hva som kan være aktuelt. Vi håper på spennende tider framover. Det skal være fellesmøter som er et samarbeid mellom kirken, Vigrestad misjonshus og Varhaug misjonshus i Varhaug kirke som starter midt i september. Benytt anledningen til å delta der. Det vil ikke være møter på misjonshuset i denne perioden. Faste arrangementer som barne- og ungdomsarbeid vil gå som vanlig. Du finner

mer informasjon om fellesmøtene et annet sted i bladet. Vær med å be om at disse møtene kan føre til at vi får mange flere med på veien. Vi ønsker spesielt at du som til daglig ikke går i kirken eller misjonshuset vil benytte sjansen til å få med deg ett eller flere møter.

Samtidig som vi skal ha fellesmøter med kirken er det mange som er urolige over utviklingen i kirken og utnevnelsen av ny biskop. Forpliktelsen på Bibelen ser ut til å viskes ut og kirken ser ut til å bli håndtert mer som et politisk verktøy enn en kirke. Vi skal være glade for at det på Varhaug er prester som står for Guds ord og ber at det vil være slik i lang tid framover.

Bedehuskonferanse for Jæren

21-22 august 2009 på Varhaug Misjonshus.

Krinskontora i NLM og IMF ønska å arrangera denne konferansen etter modell av ein liknande konferanse for Ryfylke på Tau i fjor. Konferansen samla frå 100 til rundt 200 deltakarar, og tema for samlingane var: "Organisasjon-kyrkjesamfunn?", "Nådegåvene i funksjon", "Vekking og vekst, kor står vi?", "Åndeleg leiarskap", "Difor misser vi ikkje motet", "Ung i dag, korleis engasjera og inkludera dei unge i bedehusarbeidet?" og "Kva ville Jesus ha gjort?-Bibeltruska i kvardagen".

Det var interessante og aktuelle tema. Ikkje minst på bakgrunn av den pågåande debatten i IMF og NLM om eventuelt å opprette trussamfunn / medlemsregister for dei omkring i Noreg som ikkje finn seg til rette i den norske kyrkja, men som ynskjer "full pakke" på bedehuset. Den seinare tids utvikling i den norske kyrkja gjer også sitt til at ein bør samtale om bedehusarbeidet desto meir.

Talarar var Erik Furnes og Ola Tulluan, generalsekretærar i høvesvis IMF og NLM, i tillegg til bibelskulelærar Jan Helge Aarseth, som hadde

undervisning i aktuelle tema for bedehusarbeidet i vår tid. Møteleiarar var Torgeir Lauvås, konst. krinssekretær i

IMF, og Birger Helleland, krinssekretær i NLM. Songkreftene var Hananja, Anne Birgitte Lillebø Bøe, Nærbø Musikklag, og Anna og Olene Aarsland.

Torbjørn H.



Ola Tulluan



Birger Helleland og Kjell Furnes



Torgeir Lauvås og Jan Helge Aarseth

Vår utfordring og kall:

- å la oppdraget (Matt. 28. 18-20) vera bestemmende for haldning og handling!

Og Jesus steig fram , tala til dei og sa: Eg har fått all makt i himmelen og på jorda!
Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar, me di de døyper dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, og lærer dei til å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står!

BYGGMESTER
O d d m u n d
VAGLE



Tlf 47 63 62 02

Anestadvegen 292 - 4360 Varhaug



Nærbø Rør og Elektro

ALT INNEN
VVS OG
ELEKTRISKE
INSTALLASJONER

Installasjon tlf. 51 79 11 20

VAKTTELEFON ELEKTRO:
977 67 070

ahsell
Bademiljø

Rør tlf. 51 79 11 25

VAKTTELEFON RØR:
930 19 400

HUS • TILBYGG • REPARASJONER

Be om pristilbud på arbeid og materialer



Erik Håland Maskin A/S

Telefon 51 43 12 99 • Telefax 51 43 10 85

Mobil 970 55 500

BYGGERIET 
HåBygg

Opstadvegen 639 - Varhaug
Tlf. 51 43 11 55 - Fax. 51 43 10 87



Fellesmøte i Varhaug kyrkje

Dei to siste vekene i september, 16.9.09 – 27.9.09, skal alle organisasjonane på Varhaug og Vigrestad misjonshus saman med Varhaug sokneråd arrangere fellesmøter i kyrkja. Me skal ha med oss Tor Ingvald Lauvrak og Svein Nordvik som talarar. Lauvrak arbeider i Indremisjonsforbundet, og



Nordvik har i mange år arbeidd i Evangeliesenteret. No driv Nordvik ein eigen stiftelse; Evangeliet ut til folket.

Laurdag 26.09 skal vi ha konsert med eit av Noregs mest kjente gospelkor; Stavanger Gospelkompani. Koret var blant anna på hovedscenen på Skjærgårdsgospel 2009.

Alle ungar i alderen 10-13 år vil få muligheten til å øva og ha konsert ilag med jentegrappa



Seven, fredag 18.september. Øving i Kyrkja kl. 16.15. Konsert kl. 19.00.

Påmelding til Asbjørn Lindland tlf. 913 65 345 eller Monica Nord-Varhaug tlf. 415 01 636. Dette må du få med deg.

Det er oppretta eit prosjektkor for alle sangglade på Vigrestad og Varhaug. Dette koret vil opptre 2-4 kveldar i løpet av desse to vekene. Dersom det er nokon som er interesserte i å vera med å syngja i dette koret, er det berre å ta kontakt med Njål Omland.

Alle etablerte kor og lovsangsgrupper i bygdene våre er invitert, så det vil verta mykje fin sang og musikk.

Etter møtene vert det kaffi i kyrkjestova, og bønn inne i kyrkja.

I forkant av desse to vekene, vil vi invitere til bønнемøter i kyrkjestova mandagane 31.8, 7.9, 14.9 og 21.9 frå klokka 20.00-21.30.

På vegne av "Fellesmøte komiteen",

Kristin Skrettingland-Haarr

Dugnadsgjengen er frå venstre: Lars Varhaug, Ståle Ånestad, Stig Hobberstad, Olav Tveiten, Åsmund Skretting, Per Åge skretting og Terje Skretting.
Fotograf Einar Mattingsdal



Bryllaup på Misjonshuset?

Kan det gå an?

Korleis kan ein laga mat

til så mange der?

Greier dei halda maten varm?

Kva med serveringa?

Har ein gode nok folk til det?

Bare menn seier du?

Dugnadsgjeng?

Utanbygds folk

dreg litt på smilebandet.

For utanforståande kan det nok verka litt "bondsk" på forehand. Men etterpå er oppfattinga ei heilt anna. Især når det gjeld mat og servering. Som ein gjest uttrykte det: "Det var ikkje ein ting å setja fingeren på. Dette kan samanliknast med dei beste hotella!"

Servitørane er så vel unge som menn i sin beste alder. Dei er stilig kledde med kvit skjorte og svart sløyfe. Serveringa blir flott gjennomført, og det skjer i eit tempo som kunne ta pusten frå mange. Inn med forret, rydde av, hovudrett, ny avrydding og til slutt dessert.

På ein diskre måte passar dei på at alle har det dei treng under måltidet.

Og ute av syne for alle, driv kokka og hennar stab på kjøkkenet. Dei har halde på frå tidleg morgon. Det er der maten blir tillaga. Det er kokka som styrer det heile. Fyller i suppetallerkar, legg kjøt



Klar til servering av dessert: Frå venstre Lars Varhaug, Olav Tveiten, Per Åge skretting, Ståle Ånestad, Stig Hobberstad, Åsmund Skretting og Terje Skretting
Fotograf Per Åge Skretting



Per Åge Skretting serverer Bjørn Emil og Kristi Mattingsdal.
Fotograf Einar Mattingsdal

og grønnsaker på fat og seier kvar det skal serverast.

Og medan gjestene held fram med festen i ungdomssalen, blir det vaska opp. I matsalen blir borda rydda og omplasserte og klargjort for kaffi og kake. Det er ikkje lange pausen dugnadsgjengen får. Men dei held ut sjølv om klokka blir både 2 og 3 før dei er ferdige. Dei fleste er med til alt er rydda og klart for neste arrangement.

"Dugnadsånda er framleis sterk på Varhaug"

Bryllaupsdugnad

Ordninga med bryllaupsdugnad har fungert heilt frå ein bygde ut Misjonshuset med ny matsal. Kor mange som har feira

bryllaupsfest er det ikkje nokon som har heilt oversikt over, men det er ikkje få.

Dei som ynskjer leggja festen til Misjonshuset tek kontakt med styret. I tillegg til å leiga sjølv lokalet, vil styret kunna hjelpa med å skaffa kokke og servitorar. Ingrid Husvegg har vore fast som kokke.

Det blir betalt leige for Misjonshuset etter fastsett takst. Kokka og dei ho har med skal ha si løn etter eigne takstar. I tillegg blir det betalt timepris for dei som er med og serverer. Det er her dugnadsinnsatsen kjem inn. Dei som serverer får ingenting sjølv, heile summen går til huset. Ein i dugnadsgjengen uttrykte det slik: "Me har det gildt i lag, og så får me jo ein god middag og ikkje minst, inntekta går til eit godt formål."

Når det skal arrangerast bryllaup, er det ein frå misjonshusstyret som tek på seg ansvaret med å skaffa folk til serveringa. Det er difor varierende kven som er med. Både damer og menn kan bli spurde, men etter kvart har det blitt til at det stort sett er menn.

Ein reknar opp mot 20 gjester per servitør, så når det er store bryllaup, kan det bli både 7 og 8 som er med i gjengen. Det er god plass i matsalen til godt over 100 gjester.

Det har vore varierende kor mange bryllaup ein har i året, frå 2 – 3 og opp mot 10. Eit år var det berre eit. Det merktes i årsrekneskapan for Misjonshuset.

I tillegg stiller også dugnadsgjengen opp ved andre arrangement der det skal vera servering av varm mat.

For eit bygg som blir drive av misjonsorganisasjonane, betyr inntekt frå leige og dugnad mykje. Ved å seia ja til å vera med, blir ein såleis ein viktig bidragsytar til at aktiviteten elles kan halda fram. Og kanskje er det enda fleire som kunne tenkt seg å vera med i dugnadsgjengen?

Ei viktig, kanskje den viktigaste, brikka i det heile er ei god kokke. Ingrid Husvegg har i ei årrekkje teke på seg dette arbeidet når det skal lagast til fest. Enten ein spør brurefolket, gjester eller servitorar, så er det det arbeidet ho legg ned som gjer at festen vert vellukka.

Samanliknar ein den samla summen som bryllaupet kostar med det ein må betala andre stader, vil ein fort sjå at ein kjem rimeleg ut når ein vel Misjonshuset. Det er og vel verdt å ta med at ein får gode sitjeplassar under heile festen. I ungdomssalen vart det for ikkje lenge sidan kjøpt inn nye sofaer med plass til ca. 100.

KRIK på Varhaug har startet opp!

KRIK, Kristen Idrettskontakt har startet opp et lokallag på Varhaug. Det er en sportslig kveld i uka en gjeng er samlet og har litt forskjellige aktiviteter med en andakt. En trenger ikke være noe spesielt god for å kunne delta, KOM SOM DU ER!:) Det viktigste er at vi har det kjekt og et bra fellesskap.

Det kommer til og bli annenhver FREDAG (fra 4. september) fremover fra klokka 18.00 på idrettshuset. Vi møtes på ungdomsskolen eller nede på volleyballbanen. Det er for deg som er fra 14-25 år. Håper dette høres kjekt ut, så ta med deg en gjeng og KOM!:)



For mer info om KRIK, sjekk Facebook KRIK Varhaug.

Er det noe du lurer på?

Ta kontakt med:

Odd Inge..... - 97656777

Tjerand..... - 95819013

Hege - 48158805

Jørn..... - 48006487

EIK SENTERET

Vi er der når du trenger oss

Varhaug, Oppstadveien 651. Tlf: 51 79 94 80 • Tlf 982 17 798



Maskinstasjon:

- Skurtresking
- Traktor og dumper

Verksted:

- Salg av landbruksutstyr
- Salg av landbruksdekk/felger
- Reparasjon av landbruksdekk
- Service og reparasjon av traktor og landbruksutstyr




PÖTTINGER

Orkel Direkte

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim
Varhaugsv.89 - 4360 VARHAUG
Tlf. 51 43 95 08 -
Mob. 95 82 84 10 / 97 72 99 58



KJÆRLEIKEN.: Guds kjærleik femner alt i mitt liv.

*DEN møter meg kvar morgon og seier: Dette er dagen eg gir deg som ei gåve.
Fryd og gled deg.*

*DEN møter meg i lilja og fuglen og seier: Du er ennå meir dyrebar i mine auge enn desse.
Fryd og gled deg.*

*DEN møter meg i klåre barneauge når dei seier: Eg er så glad i deg, du må vare lenge.
Eg fryder og gleder meg.*

*DEN møter meg i vennene som alltid er der og seier: Vi er her for kvarandre i kvardag og fest.
Fryd og gled deg.*

*DEN møter meg når dei mørke dagane kjem og seier: Eg gir deg skattar skjult i mørkret,
for min kjærleik er størst av alt.
Fryd og gled deg.*

*Til sist tek Guds kjærleik MEG i famn og seier: Frykt ikkje, mitt barn,
min kjærleik fell aldri vekk.*

DEN ber meg inn til evig fryd og glede.

JÆREN AUTO AS

BILUTLEIE - BILSALG - BILVERKSTED



TLF.: 51 43 04 22 - VARHAUG

Jæren Gulv A/S

TEPPER - GULVBELEGG - PARKETT

Lerbrekk - 4360 Varhaug - Tlf. 91 68 89 22 - Fax
51 43 03 98 - E-post: tjensvoll@c2i.net

Jærentreprenør

Opstadveien 643
Postboks 54 - 4368
VARHAUG
Tlf.: 51798700
Fax: 51798710
post@jarentrepenor.no
Org. nr.: 934279980
www.jarentrepenor.no

KAY'S BETONGSAGING

- Kjerneboring NÆRBØ
- Meisling Tlf. 908 37 365
- Minigraver

DIN ANNONSE HER?

Ta kontakt med Misjonshuset på

post@varhaug-misjonshus.no

eller 51 43 08 08



Lars Gaute Sport A/S

4360 VARHAUG
Telefon: 51432880
Telefax: 51432881

Rogaland Bildeler a/s



www.rogalandbildeler.no

Biloppugging og stort delelager.

Ytre Torvhusv., 4370 EGRSUND

TLF: 51 49 49 50

FAKS: 51 49 49 60

rogbil@hesbynett.no

Du ringer oss så henter vi ditt bilvrak!

Nytt styre i ungdomslaget!

Nytt styre i Varhaug Kristelige Ungdomslag. Frå hausten 2009 er det Rune Husveg som skal styre skuta i Ungdomslaget. Dei har som før eit mangfald av moglegheiter og aktivitetar, og det nye styret er opptekne av å kunne engasjera medlemmane og dei som går! Dei satsar på å videreføra og bygga vidare på arbeidet og ikkje minst vera med og visa vegen til Jesus.

Varhaug Kristelige Ungdomslag tilbyr blant anna: Bibelgrupper, lovsonggrupper og diverse aktivtetsgrupper for dei som er med.

Ut frå Ungdomslaget har det også sprunge fram ei KRIK gruppe (Kristen Idrettskontakt).

Ellers så er det "fritt fram" for dei som vil og kan bidra med pianospel, gitarspel eller andre instrument på møta. Det er og fint når nokon deltek md opning, andakt eller vitnesbyrd.

Ungdomslaget har som regel møtetid kvar laurdag kl. 2000, og "Ope hus" har ope kvar fredag frå kl 2000 til 0100.

Programmet som er "spikra" for hausten er førebels slik:

05. september	Bowling
12. september	Møteveke IMF
19 – 27. september	Fellesmøtene i kyrkja
03. oktober	Bilrebus
10. oktober	Team Building
17. oktober	Møteveke Normisjon
24. oktober	Møteveke NLM
31. oktober	Møteveke NMS
07. november	Temakveld Israel, Israelsmisjonen
14. november	"Drive in" Kino

Nærmere informasjon om programmet for haust og vår vil koma på plakater på inngangsdøra til ungdomsloftet og/eller gitt på anna vis.

Du finn meir og oppdatert informasjon på Internet her: www.vakru.com

Ungdomslagstyret:

Formann: Rune Husveg

Nest formann: Magne Feed

Sekretær: André Vagle

Kasserer/Medlemsansvarlig: Stian Lobekk

Prosjekt gruppe medlem: Olene Aarsland

Musikkansvarlig: Karoline Vetrhus

Matfar: Magnus Skretting

Plakatansvarlig: Judith Håland

Internettansvarlig: Tor Inge Auestad

Altmuligmann: Johannes Bøe

Du kjem enklast i kontakt med styret i

Ungdomslaget via formann Rune Husveg.

E-post: rune_husveg@hotmail.com



Bak fra venstre: Magnus Skretting, Rune Husveg, Stian Lobekk, Johannes Bøe

Foran fra venstre: Tor Inge Auestad, Karoline Vetrhus, Magne Feed, André Vagle

Ikke tilstede: Judith Håland og Olene Aarsland.

Maria Aareskjold Tegneservice

Tlf. 51 43 05 59
Fax. 51 43 70 05
Mobil. 911 04 662
E-post: amaria@online.no
Postboks 110, 4368 VARHAUG

Nybygg - Tilbygg - Rehabilitering



Dame- og herrefrisør - Solarium



Ånestadveien 13,
4360 Varhaug

51 43 11 02

Er du fornøyd - er vi
fornøyd

SENTRUMSALONGEN

GET INSPIRED. BE PART OF IT.

REDKEN

REDKEN
5TH AVENUE NYC

BETONGELEMENTER

til driftsbygninger, redskapshus, grunnmurer, yrkesbygg m.m



HÅ ELEMENT A/S

Postboks 71 - 4368 Varhaug - Tlf. 51 79 86 90 - Telefax 51 79 86 91



RØRLEGGER TEAM AS

Opstadv.621 - 4360 Varhaug
Tlf. 51798310 - Faks. 51798311
E- Mail Firmapost@rorlegger-team.no

R. SKRETTING A/S

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT

4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



SI.BYGG A/S



SKRETTING & INGEBRETSEN

Ånestadvn. 14, 4360 Varhaug
Tlf. 51 79 18 80 • www.sibbygg.no



4356 Kverneland
Tlf. 992 06 601 / 992 06 602

Prisar for leige av Varhaug Misjonshus

Gjelder frå 01.07.08

org.nr. 974 923 319

Innbetalingsgiro vert utlevert på kontoret på misjonshuset Knt. 3335 11 24011	Kristelige arrangement		Annen bruk	
	Eigar-organisasjonane NMS, IMF, NLM, Normisjon	Andre	Selskap, gravferd, o.l	Fagmøte, handelslaget o.l
Møtesal	250	350	600	1000
Anretnings kjøkken	250	350	500	600
MATSAL 1)	200	300	600	800
Kjøkken 2)	150	350	600	800
Ungdomssal	250	350	600	1000
Tekjøkken (2. etasje)	50	100	150	150
Bønnerom (2. etasje) 3)	50	100	100	100
Foreningsrom 4)	50	100	100	100
Kjellarrom	50	100	100	100

Merknad

- 1): Servering skal så langt det er mulig skje i matsalen.
- 2): Ved koking av kaffe og ikkje oppvask: kr. 50.-
- 3): gratis for bønnemøter
- 4): Gratis for styremøter og planmøter for eigarorganisasjonane og deira tilknytte einingar.

Priser for spesielle arrangement:

Konfirmasjon/ bryllup: *	3000	Kjøkken, matsal, ungdomssal
Konfirmasjon/ bryllup: *	2000	Anr.kjøkken, møtesal

Andre selskap med matsal og ungdomssal laurdag: pris som for bryllaup.

*) Leige er for ein heil dag pluss kvelden før til pynting. Frå januar 2009 er det innført krav om kr. 1000 i depositum. Merk: ope hus nyttar ungdomssalen fredag kveld, noko som gjer at den berre kan nyttast laurdag.

	Eierorg.	Andre
Møteveke uten fest på søndag	800	1100
Møteveke med fest på søndag	1100	1600
Julemesse (fredag/laurdag, og tillaging torsdag)	1500	
Nyttårsfest, hele huset	2500	(Ungd. laget)
Stortings- og kommunevalg	3000	per dag
Annen bruk av huset	Etter avtale	

Leie av utstyr		Andre tenester	
Dukar (lin)	kr. 100. pr stk.	Servering ved bryllaup o.a.	kr 120,- pr. time
Dukar (teflon)	kr. 80. pr stk.		
Dukar (velour)	kr. 40. pr stk		
Bord (gamle trebord)	kr. 40. pr stk		
Stolar (gamle, sete av tre)	kr. 10. pr stk		

I tillegg til leie av huset kommer 5% av all omsetning. Inngangspenger er unntatt.

Høyeste beløp som skal betales som 5% for ett arrangement er kr 6000

Varhaug, 10. mars 2008, justert januar 2009: Styret for Varhaug Misjonshus

Tennpluggen Trial

Tennpluggen held til på Skrettingland, og har samlinger annankvar torsdag kl 1900 til 2100.

På disse bileta kan du sjå litt av det som foregår på tennpluggen.



Kjærligheten er tålmodig, kjærligheten er velvillig,
den misunner ikke, skryter ikke, er ikke hovmodig.

Den gleder seg ikke over urett,
men har sin glede i sannheten.

Kjærligheten krenker ikke, søker ikke sitt eget,
er ikke oppfarende og gjemmer ikke på det onde.

Kjærligheten utholder alt, tror alt,
håper alt, tåler alt.

Kjærligheten tar aldri slutt. Profetgavene skal bli borte, tungene skal tie og kunnskapen forgå.

Så blir de stående, disse tre: tro, håp og kjærlighet.

Men størst blant dem er kjærligheten.

1. kor 13.4-8,13



Brit Jane Varhaug
Einervegen 3
Tlf.: 51430757

VARHAUG
hud- og fotterapi

v/Heidi Dubland Bø

Hudpleie • Fotterapi • Hårfjerning •
Vortebehandling
Farge vippe/bryn • AHA/Fruktsyrebehandling

Tlf. 51 43 13 69 • Stasjonsv. 20, 4360 Varhaug
(2. etg. SR-bank)



SPAR VARHAUG

Tlf. 51 43 01 36 - Fax. 51 43 00 19
E-post: spar.varhaug@ngbutikk.net

Opningstider 08.30 - 20.00 (18.00)

- Post i butikk -

ESSO

Varhaug Servicenter AS

4360 Varhaug Tlf: 51 43 02 33

Her utføres smøring og vask
Vi har bilrekvisita, kiosk, videoutleie, musikk
og DVD salg
Hamburger, biffsnadder, løvbiff og pølser

T. SKRETTING
MASKINSTASJON

Dysjalslandsvegen, 4360 Varhaug

Trond Skretting

mob. 906 80 143

mob. 975 54 680

trond@tskretting.no

www.tskretting.no



Regnskapsfirmaet på Jæren

post@jarok.no - tlf. 51 48 22 66

Pb. 210, 4349 BRYNE



Et selskap i KlientRegnskap-kjeden

www.jarok.no  NARF

FASTE SAMLINGAR:

HOMLEBØLET

ÅPEN BARNEHAGE
SPEIDAREN
ROVER
ÅPENT HUS

SPIREN

GUTELAGET, NMS
TENNPLUGGEN
VI OVER 60
NMS MANNFORENING
SUNDAGSSKULEN

FRES, ten- opplegg

UNGDOMSLAGET

BØNESAMLING

For barn 0-6 år i fylgje med vaksen. Tysdagar kl 10.00- 12.00 (ikkje i skuleferie)

Måndag og Torsdag kl 09.00-13.00 (ikkje i skuleferie)

Onsdager kl 19.00-21.00

Måndagar kl 19.00-21.00

For ungdom frå 8. klasse og oppover.

Fredagar frå kl 20.00-23.30

Torsdag kl 16.30- 18.00, oddetalsveker.

For jenter og gutar 3-5. klasse

Torsdag i partalsveker, kl 19.00-20.15

Torsdag i oddetalsveker. Motormekking og crosssykling. kl 19.00

1. og 3. Onsdag i mnd, kl 14.00- 16.00

Tysdag i partalsveker, kl 19.00- 21.00

Kvar Sundag kl 10.30- 11.00

(ikkje når det er familiegudsteneste).

Fredag i oddetalsveker, kl 19.00- 20.45.

For alle som går 5 til 8. klasse

For ungdom frå 8. klasse og oppover.

Samling på Laurdagar kl 20.00

Måndagar i partalsveker, kl 20.00, for alle

SANG OG MUSIKK:

Minikor
Yngreskoret
Hananja
Musikklaget

Øving kvar Måndag kl 17.15- 17.50

Øving kvar Måndag kl 18.00- 18.45

Øving Onsdag i oddetalsveker kl 20.00

Øving Tysdag i partalsveker kl 20.00

September

4 Basar NLM kvinneforening

8-13 Basarveke IMF

16-27 Fellesmøter i kyrkja

29-1 Bibeltimar IMF

Oktober

2 Basar NMS kvinneforening

9 Misjonshusbasar

11 NLM Fokus

14-18 Møteveke Normisjon

21-25 Møteveke Lekmannsmisjonen

26 Jubileumsfest Minikoret

28-1 Møteveke m/allehelgensfest

November

4-8 Møteveke Israelsmisjonen

13-14 Julemesse NLM

27-28 Julemesse NMS

Desember

1-6 Møteveke Flymisjonen

7 Lagskveld NLM

13 Eldremiddag Vi over 60

13 Vi synger jula inn

26 2.dagsfesten Normisjon/Ungdomslaget

27 Juletreffest Sundagsskulen

31 Nyttårsfest Ungdomslaget

Januar

6 Auestadbasar

11 Årsmøte IMF

12-17 Møteveke Ungdomslaget

18 Årsmøte Normisjon

19 Årsmøte NLM

20-24 Møteveke NLM

26-31 Møteveke NLM

Februar

1 Årsmøte NMS

5-6 Kvinneforreningsbasar NLM

9-14 Møteveke IMF

17-21 Bibeltimer NMS

24-28 Møteveke Lekmannsmisjonen

Mars

4 Konsert Hå Kulturskule

8 Kvinneforreningsfest

10-13 Basarveke Israelsmisjonen

19 Årsmøte Misjonshuset

24-28 Offerveke Normisjon

(NLM) Norsk Luthersk Misjonssamband,

(NMS) Det Norske Misjonsselskap, (IMF)

Indremisjonsforbundet, (Normisjon) Normisjon

VARHAUG MISJONSHUS

VAKTLISTE 2009 - 2010

<u>namn/tlf (varamann i parantes)</u>	<u>Vekenummer og dato</u>							
Gunhild Lobekk	9	18	27	36	45	1	10	19
51430322/95861391	23/2	27/4	29/6	31/8	2/11	4/1	8/3	10/5
<i>(Martha Bøe)</i>								
Sindre Varhaug	10	19	28	37	46	2	11	20
51435981/40401645	2/3	4/5	6/7	7/9	9/11	11/1	15/3	17/5
<i>(Jarand Scheie)</i>								
Per-Arvid Jakobsen	11	20	29	38	47	3	12	21
51430082/92617652	9/3	11/5	13/7	14/9	16/11	18/1	22/3	24/5
<i>(Tor Olav Varhaug)</i>								
Asbjørn Dyngeland	12	21	30	39	48	4	13	22
51430475	16/3	18/5	20/7	21/9	23/11	25/1	29/3	31/5
<i>(Anne Synnøve Ånestad)</i>								
Thomas Vagle	13	22	31	40	49	5	14	23
970 76 726	23/3	25/5	27/7	28/9	30/11	1/2	5/4	7/6
<i>(Lars Kristian Haaland)</i>								
Toralf Liene	14	23	32	41	50	6	15	24
95169466	30/3	2/6	3/8	5/10	7/12	8/2	12/4	14/6
<i>(Karin Undheim)</i>								
Borgny Skretting	15	24	33	42	51	7	16	25
51430568/97529799	6/4	9/6	10/8	12/10	14/12	15/2	19/4	21/6
<i>(Leif Nord-Varhaug)</i>								
Kjell Tjemsland	16	25	34	43	52	8	17	26
51430474/95774978	13/4	15/6	17/8	19/10	21/12	22/2	26/4	28/6
<i>(Tommy T. Skretting)</i>								
Peter Vagle	17	26	35	44	53	9	18	27
51430376/91805245	20/4	22/6	24/8	26/10	28/12	29/2	3/5	5/7
<i>(Ståle Ånestad)</i>								

Til alle brukarar av huset.

Dersom du må ha hjelp til noko når du leiger Misjonshuset, kan du ta kontakt med den som har vakt. (Angitt dato er for mandagene)

Styret for Misjonshuset



Varhaug Minikor - 25 år!

- ❖ Me er ein herleg gjeng med unger i alderen 5 år til 4. klasse som øver på misjonshuset kvar måndag kl 1715 – 1750
- ❖ I år er det 25 år sidan koret starta, og det skal feirast med stor fest måndag 26. oktober. (Dette vert annonsert nærare når datoen nærmar seg.)
- ❖ Kjenner du nokon som har lyst til å begynna i Minikoret? Kom til misjonshuset kvar måndag kl 1715.

Vel møtt!